



Til:	BORE SKULE Jorun Beate Fylkesnes, HORPESTAD SKULE Kariann F Leikanger, KLEPPE SKULE Sylvia Gjersdal
Kopi til:	
Frå:	Vigdis Vatne REKTORAR

*Unntatt offentlegheit
Offl. § 13 jf. fvl. § 13 (1) nr.1*

Vår ref.
23/00796-2

Dato
20.03.2023

Referat frå samhandlingsmøte status Kleppelunden

Bakgrunn for møte:

Kleppelunden skule 1-7 står ferdig til skulestart august 2024. Nokre elevar frå Kleppe skule og Bore skule vil då sokna til den nye skulen. Horpestad skule legges ned og blir del av den nye skulen. I tillegg vil 7.trinnet som i dag har plass ved Bore ungdomsskule flyttas tilbake til Bore skule.

Mål for møte:

Skulesjefen ønska å gi ein statusoppdatering på dei ulike prosessane som er i gang samt gi rom for at dei som er berørt av endringa som kjem, kunne stilla spørsmål til moglege konsekvensar for den enkelte skulekrins.

Tilstades:

- Miriam Stokka, elevrådsleiar Kleppe skule
- Sylvia Gjersdal, Rektor Kleppe skule
- Simon Giæver, Fau-leiar Kleppe skule
- Tina Thu Lode, Fau Kleppe skule
- Ane Hatteland Nese, FAU Horpestad skule
- Hanne Bø Kaspersen, ATV Kleppe skule
- Jorun Beate Fylkesnes, Rektor Bore skule
- Åse Opsahl Egge, Avdelingsleiar Bore skule
- Mari Bloch Breiland, Arbeidsplassstillitsvald Bore skule
- Kariann F Leikanger, Rektor Horpestad skule (Nye Kleppelunden)
- Kristin Hella Andresen, ATV Horpestad skule
- Mette Hagen Junge, Verneombod Kleppe skule
- Olav Lura, Fau-leider Bore skule
- Randi Håland Vikanes, Hovudtillitsvald Fagforbundet Klepp
- Sebastian Nordvall, Lokallagsleiar Utdanningsforbundet Klepp
- Tone Woie Kverneland, Saksbehandlar Barn og unge
- Vigdis Vatne, Skulesjef

Det blei eit godt møte med gode drøftingar knytt til ulike problemstillingar.

Spørsmål og svar frå drøftingane:

1. 7.trinn i august 2024 (elevar født i 2012): Kan desse elevane velge om dei vil gå på Kleppelunden eller bli verande på Kleppe/Bore?

Svar: JA, Elevane vil i november 2023 få førehandsvarsel om at dei får plass ved nye Kleppelunden, men kan då gi beskjed til sin rektor dersom dei ikkje vil ha plassen ved Kleppelunden.

2. Elevane som går på dei andre trinna ved Bore og Kleppe, kan dei velga å ikkje starta på den nye skulen?

Svar: NEI, Elevane vil i november 2023 få førehandsvarsel om at dei får plass ved nye Kleppelunden. I januar 2024 vil dei få vedtak om skuleplassering, dette vedtaket kan dei klaga på innan 3 veker og kvar enkelt tilfelle vil då få individuell behandling. Det er forskrift for skulekringsgrenser i Klepp kommune som då gjeld i tillegg til prinsippet om nærskulerett.

3. Kva skjer dersom ein elev flyttar og får ny folkeregistrert adresse etter at ein har fått førehandsvarsel eller vedtak om skuleplass ved Kleppelunden?

Svar: I det du flyttar ut av ein skulekrins og inn i ein ny får du automatisk skuleplass i den nye krinsen. Dersom ein flyttar ut av krinsen men ikkje ønsker å bytta skule, må ein søka om å få behalda skuleplassen sin i krinsen ein flyttar frå. Det er forskrift for skulekringsgrenser i Klepp kommune som då gjeld i tillegg til prinsippet om nærskulerett.

4. Kor mange elevar vil det bli på den nye skulen? Kor store klassar blir det på kvart trinn?

Svar: Dette vil vere eit levande tal heilt fram til vedtak om skuleplassering er sendt ut i januar 2024. Det kan sjølvstøtt også forekomme endringar heilt fram til skulestart i august 2024. Dette på bakgrunn av at familiane flyttar ut og inn i skulekrinsen.

5. Korleis er regelverket knytt til barn som har to heimar? Kva skulekrins høyrer dei til?

Svar: Det er barnet si folkeregistrerte adresse som fortel kva skule barnet skal gå på.

6. Er Kleppelunden ein nynorskskule? Vil ein få egne grupper med bokmål og nynorsk? Kva konsekvensar vil dette få?

Svar: Klepp kommune er ein nynorsk kommune. Med unntak av Orstad skule, som har hatt folkeavrøysting der det blei bestemt at hovudmålformen er bokmål, har resten av skulane i Klepp- nynorsk som hovudmål.

1.mars 2024 er fristen til å velga målform for dei som skal starta i fyrste klasse ved Kleppelunden skule. Det er i utgangspunktet ved skulestart 1.trinn at elevane velger

målform for skuleløpet sitt. Når elevane skal på ungdomsskulen vel dei sjølv kva som skal vere deira hovudmål og sidemål.

Regelverk knytt til val av målform i grunnskulen

Om det er 10 elevar på eit trinn som vel ei anna målform enn det som er hovudmål, har dei rett til å høyre til ei eigen elevgruppe i skriftlege fag. Det opnar opp for andre måter å organisera på. Desse elevane har rett til lærebøker på målet sitt men dei kan vere i lag med andre elevar i praktiske fag, prosjekt-og temadager med mer.

Dersom skulen må oppretta ei eigen elevgruppe i tillegg ser me at det ofte blir ei stor elevgruppe og ei lita elevgruppe på trinnet. Dette kan by på utfordringar dersom gruppene i stor grad kun blir satt saman på bakgrunn av målform. Det er viktig at ein er bevisst på kvifor ein velger den eine eller den andre målformen og at motivasjonen for å velge ikkje er at barnet ditt skal få gå i lag med dei som dei gikk i barnehagen med. Det er ikkje alltid det er lurt å kun ha ei lita gruppe der alle kjem frå same barnehage. Skulane er opptatt av å lage gode klassar som tek omsyn til fagleg og sosial læring. Ein kan få dårleg samensatte grupper dersom omsynet i utgangspunktet bare er det sosiale.

Regelverket knytt til klassetilhørighet:

§ 8–2. Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk forsvarleg

Det vil blant anna seie:

Det følger av opplæringsloven § 8–2 at klassene, basisgruppene og gruppene «ikkje må vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg». Hva som er pedagogisk forsvarlig i den konkrete opplærings situasjonen må vurderes etter et skjønn. I denne helhetsvurderingen er følgende momenter relevante:

- **Elevforutsetninger (individuelle).**
- **Elevsammensetningen (kollektive egenskaper).**
- **Eventuell aldersblanding.**
- **Forutsetningene til det pedagogiske personalet.**
- **Antall pedagoger.**
- **Temaet det skal gis opplæring i.**
- **Hvilken type arbeidsform som skal benyttes.**
- **De fysiske rammevilkårene.**

7. Skal det vere klassar eller trinn på Kleppelunden?

Svar: Skulebygget er lagt til rette for å tenke basar/trinn men det er ikkje landa korleis organiseringa blir endå. Det er tidleg ennå. Retten til barna er å høyre til ei basisgruppe.

8. Korleis har ein tenkt å sikra trygg skuleveg frå Horpestad?

Svar: Det er teikna inn 3 adkomstvegar til skulen

9. Har ein tenkt på korleis ein skal skapa eit trafiksikkert miljø ved den nye skulen?

Svar: Skulesjef og rektor er i tett dialog med eiendom og entreprenør når det gjeld fleire aspekter ved byggeprosjektet. Dei tek spørsmålet med inn i neste byggemøte og kjem tilbake med eit svar.

Vigdis Vatne
Skulesjef
Referent